

Møteprotokoll

Studiestyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 23.04.25.

Møtt:

Svein Ivar Angell, Aidan Conti (LLE), Jesse Tomalty (FOF), Kjersti Aarstein (SKOK), Visa Immonen (AHKR), Gry Ane Lavik (UB), Fillip R. Jakobsen (studentrepresentant) og Maria S. Økland (studentrepresentant).

Meldt forfall:

Birger Solheim (IF) og Christian Sæle (AHKR).

Frå administrasjonen:

Julie Alver Tønsaker, Ellen Vikersveen, Hanne Svanholm Misje, Elisabeth H. Hjellbrekke og Rebekka Nistad.

Observatører: Deirdre Smith (IF), Jacob Hoffman (AHKR)

I Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 05.03.25.

Godkjent.

III Orienteringssaker:

Sak 12/25 Protokoll frå møtet 12.03.25 i Lektorutdanningsutvalet ved HF.

Sak 13/25 Munnleg orientering om søkartal etter søknadsfrist 15. april.

Svein Ivar Angell orienterte om søkartala i Samordna opptak og søkartala til masterprogramma.

Det er planlagt instituttvis dialogmøte om opptaksrammene til dei enkelte studieprogramma før ferien.

7. mai arrangerer SA et webinar om masteropptaket, med særleg fokus på korleis vi kan halde på studentane frå tilbod til møtt. Studiestyret blir tilrådd å delta.

IV Drøftingssaker:

Sak 14/25 Studenttilstrøyming i framtida – analyse av framskriving av studenttal.

Svein Ivar Angell ga ei oppsummering av saka, som var lagt fram for UU i møte 18.12.24 og 19.03.25. Studiestyret legg vekt på at trivsel på bachelornivået er avgjerande, og at studentane må finne seg godt til rette tidleg i studieløpet. Vi må sikre høg kvalitet på undervisninga, og nytte høvet til å tilby studentane seminarundervisning i små grupper. Balansen mellom å vektlegge fagleg interesse og fokuset på arbeidslivsrelevans blei diskutert. HF har motiverte studentar som vil studere faga våre, og ein bør ikkje undervurdere det i rekrutteringsarbeidet. Vi må formidle relevans og ikkje berre arbeidsrelevans.

Det er også viktig å evaluere om rekrutteringskampanjen har fungert som planlagt.

HF bør vurdere å tilby bachelorprogram for internasjonale studentar, og gi studentar som tar EVU/fleksible utdanningstilbod moglegheit til å bygge seg ei grad på sikt.

HF (og UiB) rekrutterer mest frå Vestland, og bør sjå om det er mogleg å rekruttere meir frå andre delar av landet. Rekruttering kan òg vere til emnenivå.

Dagens globale utfordringar treff midt i vårt studietilbod, og vi har eit uutnytta moglegheitsrom.

Sak 15/25 Bruk av KI i undervisning og vurdering.

Studiestyret drøfta forslaga til vidare prosess og vil tilrå at det vert sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ei rettleiing for korleis KI kan brukast i undervisning og vurdering ved HF. Det er interessant å kople på studentane

for å høyre kva dei treng. UB gjer ei undersøking blant studentane no, og resultatet vil vere interessant for HF.

Det kan vere føremålstenleg å knytte arbeidet med KI i undervisning og vurdering til utviklinga og implementeringa av LES100. Eit forslag til framdrift er å først hente inn studentperspektivet, knytte det til LES100 og det som skal undervisast om KI i emnet, for så å setje ned ei arbeidsgruppe som kan jobbe fram ein rettleiar. Saka blir tatt opp igjen på neste møte i Studiestyret 4. juni.

Sak 16/25 Studieporteføljeprojektet

I møtet fekk Studiestyret presentert ulike forslag til vedtaksstruktur, for å avklare kven som har fagleg styring, administrativt ansvar og formell vedtaksmyndigheit for fellesemne og emnepakkar på tvers av fagmiljø og institutt. I drøftinga var det semje om at det er behov for ei ordning som sikrar faglege- og administrativ kvalitet i tilboda, men det er utfordrande å lande endelege strukturar for vedtak før vi har konkrete emnepakkar og fellesemne å gå ut i frå.

Retningslinjer for emnepakkar blei lagt fram for Studiestyret, og godkjende for utsending til fagmiljø som hjelp i arbeidet – med ei presisering at retningslinjene er under arbeid. Fakultetet tar gjerne i mot tilbakemeldingar på dei undervegs.

V Vedtakssaker

Sak 17/25 Rapport frå ekstern fagfelle, PPU

vedtak: Studiestyret tar rapporten til orientering.

Sak 18/25 Rapport frå ekstern fagfelle, russisk

vedtak: Studiestyret tar rapporten til orientering.

Sak 19/25 Rapport frå ekstern fagfelle, historie

vedtak: Studiestyret tar rapporten til orientering.

Bergen, 06.05.25.

Svein Ivar Angell
visedekan

Julie Alver Tønsaker
studiesjef